

Til orientering

Dato: 18.07.2018  
Vår ref.: 2016/2550  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.: «REF»

## Museumsreforma i Hordaland - dei konsoliderte musea - offentlege kommunale tilskot - fordeling stat, fylke, kommune - vedtak

Viser til vedlagt saksframlegg (PS) med saksprotokoll, handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 57/18, 24.04.2018, og i Fylkesutvalet, PS 105/18 03.05.2018.

Saka er ein del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland», handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, som omhandlar kva dei ti konsoliderte musea i Hordaland får i offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune. Eitt av måla med museumsreforma var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Museumsreforma si målsetting om auka omsetting og større andel offentlege tilskot er difor oppnådd. Det er variasjon i kor stor grad dei enkelte musea har oppnådd museumsreforma si økonomiske målsetting. Dei konsoliderte musea i Hordaland ligg lågare enn resten av landet når det gjeld tildeling av statlege tilskot. Det må difor gjerast eit løft for å få auka det statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland. Det må òg gjerast eit arbeid for å auke det kommunale tilskotet og synleggjere dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet, særleg knytt til arbeid opp mot kommunane og sivilsamfunnet i Hordaland. Tilskotsordninga «Museumsløft» for 2018, med søknadsfrist 20. august 2018, opnar i år opp for at kommunar og regionråd kan søke midlar til tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige. For meir informasjon om tilskotsordninga, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/museumsløft-2016/>

Brevet er sendt til kommunar i Hordaland, regionråd i Hordaland, dei konsoliderte musea i Hordaland, Kulturrådet og Kulturdepartementet.

Helsing

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator.Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2016/2550-28  
Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

## Saksframlegg

### Saksgang

## Museumsreforma i Hordaland - dei konsoliderte musea - offentlege tilskot -- fordeling stat, fylke, kommune

### Samandrag

Som del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland», handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, vert det lagt fram sak som omhandlar kva dei ti konsoliderte musea i Hordaland får i offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune.

Rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland», laga av Agderforskning på oppdrag for Hordaland fylkeskommune, tek mellom anna opp historisk bakgrunn for museumsreforma og fordeling mellom stat, fylke og kommune. St.meld.nr.22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap* og St.meld.nr.40 (2008-2009) *Framtidas museum— Forvaltning, forskning, formidling, fornying*, la føringar for museumsreforma og fordelinga mellom dei tre forvaltingsnivåa. Det er henta inn tal frå dei konsoliderte musea som får offentlege tilskot frå fleire kommunar i åra 2007 og 2016, då evalueringsrapporten ikkje spesifiserer dette.

Eitt av måla med museumsreforma var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Evalueringa viser at dei konsoliderte musea i Hordaland har auka omsetninga i perioden 2007-2016 med 78%. Offentlege tilskot har auka med 51% og eigeninntekt har auka med 58%. Museumsreforma si målsetting om auka omsetning og større andel offentlege tilskot er difor oppnådd. Det er variasjon i kor stor grad dei enkelte musea har oppnådd museumsreforma si økonomiske målsetting. Dei konsoliderte musea i Hordaland har likevel ein mindre statleg del på 43% av tilskotet, medan resten av landet ligg på 68%. Det må difor gjerast eit løft for å få auka det statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland.

Det må òg gjerast eit arbeid for å auke det kommunale tilskotet og synleggjere dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet, særleg knytt til arbeid opp mot kommunane og sivilsamfunnet i Hordaland. Det vert vist til det fylkeskommunale budsjettet for 2018, for å synleggjere korleis dei konsoliderte musea vert prioriterte i inneverande år.

**Økonomi:** Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen har som museumspolitisk hovudmål å styrke dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet.

**Klima:** Musea som samfunnsaktør i lokalsamfunnet må kunne formidle konsekvensar av klimaendringar, sett i samanheng med endringar og fornying i samfunnet.

**Folkehelse:** I «Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode levekår for alle» vert det lagt vekt på at kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Musea er ein viktig samfunnsaktør særleg knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

**Regional planstrategi:** Musea er viktige aktører innan forvaltning av samlingar, forskning, formidling og fornying. Musea vil kunne bidra med kunnskap knytt til arbeid med plan for areal, natur- og kulturminneressursar.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarande snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.
2. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumsstrategiar.
3. Som eit tillegg til gjeldande retningsliner for tilskotsordninga Museumsløft, vedtek Fylkesutvalet at det for «Museumsløft 2018» vert opna opp for å gje støtte til tiltak som kan styrka samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.
4. Fylkesutvalet ber om at det i samband med regionreforma vert utvikla strategiar som skal danne grunnlag for ein ny museumspolitik.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.04.2018

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er møtande vara til styret for Sunnhordland museum og Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er medlem i styret for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland. Sandvik og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om de var inhabile. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at May Eva Sandvik og Kari Foseid Aakre ikkje var inhabile.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarande snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.
2. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumsstrategiar.
3. Som eit tillegg til gjeldande retningsliner for tilskotsordninga Museumsløft, vedtek Fylkesutvalet at det for «Museumsløft 2018» vert opna opp for å gje støtte til tiltak som kan styrka samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.
4. Fylkesutvalet ber om at det i samband med regionreforma vert utvikla strategiar som skal danne grunnlag for ein ny museumspolitik.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.05.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland, er styreleiar i Museumssenteret i Hordaland
- Aud Karin Oen, er styremedlem i Museum Vest
- Benthe Bondhus, er styremedlem i Baroniet i Rosendal

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Aadland, Oen og Bondhus var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

**Anne-Beth Njærheim, V**, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 5

Fylkesutvalet har mål om at fleire av musea velger å konsolidere seg, ikkje berre etter nærleiksprinsippet men og konsolidering på fagleg grunnlag.»

## Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarende snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.
2. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumsstrategiar.
3. Som eit tillegg til gjeldande retningslinjer for tilskotsordninga Museumsløft, vedtek Fylkesutvalet at det for «Museumsløft 2018» vert opna opp for å gje støtte til tiltak som kan styrka samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.
4. Fylkesutvalet ber om at det i samband med regionreforma vert utvikla strategiar som skal danne grunnlag for ein ny museumspolitik.
5. Fylkesutvalet har mål om at fleire av musea velger å konsolidere seg, ikkje berre etter nærleiksprinsippet men og konsolidering på fagleg grunnlag.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Dei ti konsoliderte musea i Hordaland
- 2 Kommunale tilskot spesifisert

## Fylkesrådmannen, 05.04.2018

Rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland», laga av Agderforskning på oppdrag for Hordaland fylkeskommune, vart handsama i Fylkestinget 03.10.17, jf. PS 89/2017 og politisk vedtak:

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreforma i Hordaland til vitande.*
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar

Eitt av måla med museumsreforma nasjonalt og regionalt, var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. I dette saksframlegget vert dei ti konsoliderte musea i Hordaland sine offentleg tilskot sett i samanheng med inntekt og omsetting i perioden 2007-2016. Med utgangspunkt i korleis ansvar og finansiering er fordelt mellom dei tre forvaltingsnivåa i dag, legg fylkesrådmannen fram forslag om å utarbeide nye museumspolitiske strategiar for stat, fylke og kommunar.

Fylkesrådmannen har henta inn eigne tal frå dei musea som fekk tilskot frå meir enn ein kommune i 2007 og 2016, då evalueringsrapporten ikkje spesifiserer dette. Desse tala er lagt med som vedlegg i saka.

### Museumsreforma og fordeling offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune

I desember 2000 vart den nasjonale museumsreforma vedteken av Stortinget. Reforma skulle gjennomførast i løpet av 2006 og var ei statleg satsing for å få eit kvalitativt betre museumstilbod til alle innbyggjarar i Noreg. Det vart vedtatt at alle musea i ein region skulle sjåast under eitt, der ei samordning av ressursar skulle skape større og meir robuste einingar med fagleg stor bredde. Dei regionale museumseiningane skulle bli ein del av eit nasjonalt nettverk, der den faglege og tematiske samordninga skulle skje.

St.meld.nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap* seier mellom anna at:

*«Det vert lagt opp til at Norsk museumsutvikling i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, kommunane og musea i løpet av dei næraste fem åra skal gjennomgå heile landet for å nå fram til meir levedyktige museumseiningar. Der det vert semje om konsoliderte institusjonar, må det i samråd med fylkeskommunen vurderast om det som no skal gjevast statleg driftstilskot via fylkeskommunen, og i den grad dette vert resultatet, vil tilskotsordninga halda fram. Alternativt kan det gjerast avtale om statstilskot direkte til institusjonen, men slik at staten dekkjer inntil 60 pst. og regionen minst 40 pst. I unnatakstilfelle kan det opnast for øyremerkte tilskot utan motkrav om regional medverknad for å ivareta særskilde oppgåver»*

Museumsreforma hadde som mål at andelen ordinære tilskot frå staten skulle auke og at samanslåing skulle skje både regionalt og tematisk. Det vart i stortingsmeldinga understreka at museumssamarbeid skulle ikkje tvingast fram. Konsolideringsprosessen i Hordaland resulterte i ni museum, der seks av desse er slått i saman av fleire einingar. I tillegg kjem Olav H. Hauge-senteret, som vart ein del av Nynorsk Kultursentrum i 2011. For meir info, sjå vedlegg.

Føremålet for reforma var ei profesjonalisering av musea; å styrke det faglege og å sikre meir effektiv utnytting av kompetanse og ressursar ved å slå saman mindre museum i større konsoliderte museum, jf. st.meld. nr. 49 (2008-2009) *Framtidas museum— Forvaltning, forskning, formidling, fornying*. Dei

konsoliderte einingane skulle være fagleg og økonomisk sterke nok til at dei skulle kunne inngå i eit nasjonalt museumsnettverk.

Dei ti konsoliderte musea i Hordaland er ein del av det nasjonale museumsnettverket som får tilskot frå post 70 på statsbudsjettet, jf. Prop 1S. 2018:

*«Fylkeskommunene, vertskommuner og kommuner som nyter godt av museenes kompetanse, formidling og andre tjenester, har et delansvar for finansieringen av museene. Forutsetningen vil normalt være at regionen skal dekke minst 40 pst. av det samlede offentlige driftstilskuddet.»*

Frå 2018 vil det vere 63 einingar i det nasjonale museumsnettverket. Fylkeskommunane har særleg ansvar for utforming av den regionale museumspolitikken, mellom anna ved å fastsetje museumsstrukturen i kvart fylke. I Hordaland er denne handsama i fleire fylkesdelplanar og regionale planar. «Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» og dei årlege fylkesbudsjetta er dei viktigaste politiske styringsdokumenta. Gjennom reformperioden har staten prioritert å auke driftstilskotet til museum som har slått seg saman til større einingar. Konsolideringa mellom Museum Vest og Bergen Sjøfartsmuseum i desember 2017, førte til 2 mill. i auka driftstilskot frå kommune og fylke (1. mill. kvar). Det er ei føresetnad at staten aukar sitt tilskot med 6. mill.

#### Inntekt/omsetnad

Det har vore ei forventning om at omsetnaden ved musea skulle aukast som følgje av konsolideringa. Dei konsoliderte musea i Hordaland hadde ei auke i omsetnad med 117,7 MNOK i perioden 2007-2016, noko som tilsvarar 78% auke. Omsetnaden har auka mest hjå Museum Vest, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss Museum, Kode og Museumssenteret i Hordaland (MuHo). Baroniet i Rosendal, Sunnhordland Museum, MuHo og Museum Vest har hatt sterkast vekst i %. Dei sjølv-konsoliderte musea auka omsetnaden si med 119% mot 72% blant dei andre. Denne forskjellen skuldast i hovudsak auka omsetnad ved Baroniet i Rosendal.

Tabell: Endring i omsetning fra 2007-2016.

Museum	Omsetning 2007	Omsetning 2016	Endring	Endring i %
Baroniet Rosendal	kr 11 713 000	kr 35 055 000	kr 23 342 000	199 %
MuHo	kr 19 114 000	kr 45 643 000	kr 26 529 000	139 %
Museum Vest	kr 22 672 000	kr 50 355 000	kr 27 683 000	122 %
Sunnhordland Museum	kr 5 849 000	kr 12 458 000	kr 6 609 000	113 %
NVIM	kr 8 882 000	kr 17 080 000	kr 8 198 000	92 %
Bymuseet i Bergen	kr 36 059 000	kr 61 524 000	kr 25 465 000	71 %
HVM	kr 40 187 000	kr 63 603 000	kr 23 416 000	58 %
Kode	kr 74 337 000	kr 107 742 000	kr 33 405 000	45 %
Bergens Sjøfartsmuseum	kr 8 385 000	kr 11 459 000	kr 3 074 000	37 %
<b>SUM OMSETNING</b>	<b>kr 227 198 000</b>	<b>kr 404 919 000</b>	<b>kr 177 721 000</b>	<b>78 %</b>

Kilde: Kulturrådets museumsstatistikk, 2017.

#### Fordeling inntekt/omsetnad

Omsetnad kan delast inn i eigen inntekt og offentlege tilskot. Det har vore ei forventning til at både eigen inntekt og offentlege tilskot skulle aukast som følgje av konsolideringa. Dei konsoliderte musea i Hordaland hadde ei auke i eigen inntekt på 58% i perioden 2007-2016. Ordinære offentlege tilskot auka med 51%. Museum Vest, MuHo, Norsk Vasskraft og industristadmuseum (NVIM) og Baroniet i Rosendal har hatt

sterkast vekst i egne inntekter. Offentlege tilskot har auka mest hjå Baroniet i Rosendal, Sunnhordland museum, Museum Vest og Bymuseet.

Tabell: Fordeling offentlig støtte/tilskudd (ordinært og ekstraordinært) og egeninntekt for de konsoliderte.

	2007			2016			Endring i %		
	Egeninntekt	Ordinære offentlig tilskudd	Ekstra-ordinære offentlig tilskudd	Egeninntekt	Ordinære offentlig tilskudd	Ekstra-ordinære offentlig tilskudd	Egen-inntekt	Ordinære offentlig tilskudd	Ekstra-ordinære offentlig tilskudd
Baroniet Rosendal	kr 7 825 000	3 306 000	kr 582 000	kr 19 498 000	kr 5 088 000	kr 10 469 000	149 %	54 %	1699 %
Bymuseet i Bergen	kr 14 340 000	20 968 000	kr 751 000	kr 18 929 000	kr 32 355 000	kr 10 240 000	32 %	54 %	1264 %
HVM	kr 20 366 000	18 428 000	kr 1 393 000	kr 21 506 000	kr 27 399 000	kr 14 698 000	6 %	49 %	955 %
Kode	kr 16 919 000	56 418 000	kr 1 000 000	kr 26 626 000	kr 77 956 000	kr 3 160 000	57 %	38 %	216 %
Museum Vest	kr 4 758 000	17 574 000	kr 340 000	kr 12 313 000	kr 33 102 000	kr 4 940 000	159 %	88 %	1353 %
MuHo	kr 1 919 000	15 035 000	kr 2 160 000	kr 5 304 000	kr 26 925 000	kr 13 414 000	176 %	79 %	521 %
NVIM	kr 1 085 000	7 797 000	kr -	kr 3 392 000	kr 9 334 000	kr 4 354 000	213 %	20 %	
Bergens Sjøfartsmuseum	kr 2 869 000	5 476 000	kr 40 000	kr 3 827 000	kr 7 327 000	kr 305 000	33 %	34 %	663 %
Sunnhordland Museum	kr 839 000	4 785 000	kr 225 000	kr 983 000	kr 6 505 000	kr 4 970 000	17 %	36 %	2109 %
Alle konsoliderte museer i Hordaland	kr 70 920 000	kr 149 787 000	kr 6 491 000	kr 112 378 000	kr 225 991 000	kr 66 550 000	58 %	51 %	925 %

### Endring av offentlege tilskot 2007-2016

Tabellen, henta frå rapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland» syner at ordinære tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland har auka med 51% frå 2007 til 2016, fordelt på 75% auke frå stat, 34 % auke frå fylke og 38 % auke frå kommunane. Kode, Museum Vest og MuHo har hatt størst auke i statlege midlar. NVIM og Sunnhordland museum har hatt minst auke i statleg del.

Tabell: Utvikling offentlig tilskudd i kroner, i perioden 2007-2016. Konsoliderte museer i Hordaland. Ordinære tilskudd.

	2007			2016			Endring i % fra 2007-2016			
	Ordinære tilskudd Stat	Ordinære tilskudd Fylke	Ordinære tilskudd Kommune	Ordinære tilskudd Stat	Ordinære tilskudd Fylke	Ordinære tilskudd Kommune	Ordinære tilskudd stat	Ordinære tilskudd fylke	Ordinære tilskudd kommune	Sum vekst i tilskudd
Baroniet Rosendal	2 042 000	721 000	543 000	kr 3 423 000	kr 1 065 000	kr 600 000	68 %	48 %	10 %	54 %
Bymuseet i Bergen	10 397 000	5 319 000	5 252 000	kr 17 300 000	kr 6 755 000	kr 8 300 000	66 %	27 %	58 %	54 %
HVM	8 542 000	9 250 000	636 000	kr 13 781 000	kr 11 816 000	kr 1 802 000	61 %	28 %	183 %	49 %
Kode	11 067 000	2 540 000	42 811 000	kr 23 741 000	kr 3 555 000	kr 50 660 000	115 %	40 %	18 %	38 %
Museum Vest	4 693 000	3 648 000	9 233 000	kr 9 350 000	kr 4 769 000	kr 18 983 000	99 %	31 %	106 %	88 %
MuHo	7 214 000	6 478 000	1 343 000	kr 14 692 000	kr 9 753 000	kr 2 480 000	104 %	51 %	85 %	79 %
NVIM	5 603 000	1 033 000	1 161 000	kr 6 793 000	kr 1 285 000	kr 1 256 000	21 %	24 %	8 %	20 %
Bergens Sjøfartsmuseum	3 002 000	1 352 000	1 122 000	kr 4 040 000	kr 1 685 000	kr 1 602 000	35 %	25 %	43 %	34 %
Sunnhordland Museum	2 295 000	1 919 000	571 000	kr 3 040 000	kr 2 597 000	kr 868 000	32 %	35 %	52 %	36 %
Alle konsoliderte museer i Hordaland	kr 54 855 000	kr 32 260 000	kr 62 672 000	kr 96 160 000	kr 43 280 000	kr 86 551 000	75 %	34 %	38 %	51 %

Kilde: Statistikk fra Norsk Kulturråd, 2017. Ordinære tilskudd kan inkludere øremerkede midler.

Andelen tilskot frå staten til musea i Hordaland har hatt ei auke på 6%, frå 37% i 2007 til 43% i 2016. Andelen statlege tilskot for heile Noreg var i snitt 68% i 2016.


Hovudforklaringa på kvifor musea i Hordaland har eit relativt lågt statleg tilskot er dels at Hordaland ikkje har museum med 100% statleg finansiering, som til dømes Nordnorsk Kunstmuseum i Tromsø eller Nasjonalmuseet og Norsk folkemuseum i Oslo. Fylkesrådmannen si vurdering er likevel at det ikkje finns fullgode forklaringar, anna enn at dei statlege tilskota vert fordelte ut frå historikk og politiske prioriteringar.

St.meld.nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap* seier mellom anna at:

«Då tilskotsordninga for halvoffentlege museum vart etablert i 1975, var statstilskotet regulert i samsvar med tilskotsprosenten til vidaregåande opplæring i fylkeskommunane. Automatikken i statstilskotet vart avvika i 1983, då det vart sett tak på tilskotsdelen frå staten. Men tilskotsprosenten den første tida, saman med det faktum at fylkeskommunane har stått fritt til å utvikla museumsområdet, forklarar den relativt store skilnaden mellom fylkeskommunane når det gjeld innbyrdes forhold mellom tilskota frå stat, fylkeskommune



Figur: Andel statlig tilskudd i forhold til tilskudd fylkeskommune/kommune.



Kilde: Kulturrådets statistikk, 2017.

og kommunar. I løpet av 1990-talet har det vore ein tendens til at kommunane i mykje større grad enn tidlegare har kome inn som finansieringspart.»

Fylkesrådmannen si vurdering er at auka tilskot frå kommunar og fylke har utvikla museumsområdet på ein god måte og at det no må gjerast ein innsats for å få staten til å gje dei konsoliderte musea i Hordaland eit økonomisk løft, tilsvarende statlege tilskot til resten av landet.

#### **Forslag til vedtak:**

Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarende snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.

#### **Kommunale tilskot til dei konsoliderte musea og endringar frå 2007 til 2016**

Rapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland» syner at ordinære tilskot frå kommunane til dei konsoliderte musea i Hordaland har auka med 38% frå 2007-2016. Det er likevel stor variasjon i dei kommunale tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland. Skilnadene kan ha historiske årsaker og kan skuldast ulike prioriteringar og politikktutforming.

Museum	Kommunar	2007	2016	Endring i % frå 2007-2016
Baroniet i Rosendal	Kvinnherad	543 000	600 000	10%
Bymuseet i Bergen	Bergen (DKS ordning for kommunane Os, Fusa og Samnanger)	5 252 000	8 300 000	58%
Hardanger og Voss museum (HVM)	Kvam og Ullensvang herad, Eidfjord, Granvin, Voss, Jondal, Ulvik	636 000	1 802 000	183%
Kode	Bergen	42 811 000	50 660 000	18%
Museum Vest	Askøy, Bergen, Fjell, Masfjorden, Sund, Øygarden	9 233 000	18 983 000	106%
Museumssenteret i Hordaland (MuHo)	Austrheim, Bergen, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy	1 343 000	2 480 000	85%
Norsk Vasskraft og industristadmuseum (NVIM)	Odda kommune	1 161 000	1 256 000	8%
Bergen Sjøfartsmuseum	Bergen	1 122 000	1 602 000	43%
Sunnhordland museum	Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes, Vindafjord	571 000	868 000	52%
Olav H. Hauge-Senteret*	Ulvik	-	1 013 250	-

(Jf. Rapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland, 2017»)

\*Øyremerka midlar til Ulvik poesifestival i 2016 var på kr. 851 000.

Hardanger og Voss museum, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum mottar tilskot frå fleire kommunar. Det er difor henta inn tal frå desse musea for 2007 og 2016, som er lagt ved som vedlegg i saka, då evalueringsrapporten berre syner «ordinære tilskot frå kommunane» i sin heilskap.

Sjølv om det er store forskjellar i kommuneøkonomien og prioriteringar deretter, er det viktig å få avklart kva forventningar kommunane har til dei konsoliderte musea og korleis dei stiller seg til finansiering av desse. Dette gjeld og i spørsmål om ytterlegare konsolideringar og musea si rolle i høve til det frivillige kulturlivet. Det bør difor utarbeidast kommunale museumsstrategiar som kan legge grunnlag for ein kommunal museumspolitik. Musea må òg vere i aktiv dialog med regionråda, kommunane, frivillige lag og organisasjonar, då det er eit regionalt mål at dei skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

**Forslag til vedtak:**

*Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumsstrategiar.*

**Regionale prioriteringar for musea og museumsløft 2018**

Evalueringsrapporten syner at ordinære tilskot frå fylke til dei konsoliderte musea i Hordaland har auka med 34% frå 2007-2016. Det er likevel variasjon i fylket sine tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland. Skilnadene kan ha historiske årsaker og kan skuldast ulike prioriteringar. I Hordaland er museumspolitikken forankra i fleire fylkesdelplanar og regionale planar. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og dei årlege fylkesbudsjetta er dei viktigaste politiske styringsdokumenta.

I budsjettvedtaket for 2018 vart det samla fylkeskommunale driftstilskotet til musea kr 50 799 000, ei styrking på 2,3 mill. Tilskotsordninga «Museumsløft» vart i tillegg auka til 2 860 000 i 2018. Museumsløft har som mål å styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015.

Retningsliner for tilskotsordninga «Museumsløft» vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 20.06.2017, PS 89/2017, og vert vidareført i 2018. *Museumsløft 2018* vil i tillegg opne opp for å gje tilskot til tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige. Dette er ein del av oppfølginga av museumsevalueringa handsama i fylkestinget 3.10.2017, PS 89/2017, der det mellom anna vart gjort vedtak om at «fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar». Styrking av samhandling med sivilsamfunnet og det frivillige er òg prioritert i Regional kulturplan, Handlingsprogram 2018, handsama i fylkestinget 12.12.2017, PS 124/2017.

**Forslag til vedtak:**

*Som eit tillegg til gjeldande retningsliner for tilskotsordninga Museumsløft, vedtek Fylkesutvalet at det for «Museumsløft 2018» vert opna opp for å gje støtte til tiltak som kan styrka samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.*

**Regionreform og fornya museumspolitik**

Eit føremål med regionreforma er å gje dei nye, større folkevalte regionane ein sterkare strategisk rolle som samfunnsutviklar regionalt og lokalt. Dette føreset at regionane ikkje berre må avgrensast til å vera forvaltalar av statlege tilskot, men og ha ansvaret for innretting av tilskota og for politikutforming på feltet.

Dette vil medføre eit behov for gjennomgang av dagens oppgåvefordeling mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Rapporten «Regionalisering av kulturpolitikken» (Proba-rapport nr. 2016-18) peikar på at ein sterkare regionalisering kan gje betre dialog mellom forvaltningsnivåa og betre samkøying av ulike verkemiddel på kunst- og kulturområdet. Eit viktig premis må vera at reforma skal styrke kultursektoren og -politikken, ikkje svekke den.

På museumsområdet har alle dei konsoliderte musea nasjonale oppgåver på eitt eller fleire område. Tilsvarande som for andre institusjonar på kulturområdet, foreslår Ekspertutvalet at ansvaret for desse institusjonane vert overført til det regionale nivået. Fylkesrådmannen støttar Ekspertutvalet sitt framlegg om ein tydeleg regional rolle på museumsområdet, og meiner dette vil kunne understøtta og styrka utviklinga av museumssektoren.

På mange vis kan dette sjåast på som ei tilbakeføring av ei oppgåve som fylkeskommunane tidlegare har hatt, og som i Hordaland medverka til ei rik utvikling på museumsfeltet. Eit fylkeskommunalt hovudansvar på dette området vil kunna legge grunnlaget for betre samhandling mellom fylkeskommunane og

kommunane til beste for museumspolitikken. Samtidig er det naudsynt med ein gjennomgang og fornying av den nasjonale museumspolitikken.

***Forslag til vedtak:***

*Fylkesutvalet ber om at det i samband med regionreforma vert utvikla strategiar som skal danne grunnlag for ein ny museumspolitikk.*